



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Mona Fauskanger, 5557 2203

Vår dato
21.12.2016
Dykkar dato
19.12.2016

Vår referanse
2015/15195 721.0
Dykkar referanse
15/203

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 Manger

Overføring av midlar frå 2016 til 2017 - tilskot til kommunalt rusarbeid kap 765 post 62

Fylkesmannen viser til tildelingsbrev av 17. april 2015 der Radøy kommune fekk tildelt kr 600 000 til stilling som ruskoordinator. I brev av 20. august 2016 godkjente vi at kommunen kunne overføre tilskotet til 2016 grunna vanskar med å få kvalifiserte søkjarar til stillinga.

Vi viser til brev av 19. desember 2016 med søknad om å få overføre tilskotet til 2017 og til samtale med rådmannen 2. januar 2017. Opplysningane om at kommunen har stort behov for ruskoordinator og at de ikkje fekk tilsett i stillinga i 2017 er tekne til orientering.

Vi godkjenner overføring av kr 600 000 til 2017 og gjer merksam på at kommunen må bruke tilskotet i 2017. De har med dette fått overført tilskotet i to år som er den maksimale tidsramma. Dette inneber at om de ikkje nyttar tilskotet i 2017 må pengane betalast attende.

Dersom de søker om tilskot til kommunalt rusarbeid i 2017, vert det overførte beløpet trekt frå ei eventuell tildeling.

Krav til rapportering, måloppnåing og rekneskapsrapportering går fram av vårt tildelingsbrev av 17. april 2015.

For midlar som vert overført til 2017, er rapporteringsfristen 1. februar 2018 og det skal rapporterast i eige skjema.

Med helsing

Anne Grete Robøle
seksjonsleiar

Mona Fauskanger
rådgyvar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Radøy kommune v/Mette Fauskanger Radøyvegen 1690 5936 Manger

